

# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 9 Desember 1973  
6. årg.



*Velsigna Jole- og Nyårshøgtid  
ynskjer me alle i kyrkjelyden*



REDAKSJONSNEMDA

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna

Redaktør: Ingvar Fykse, Ytre Arna

Redaksjonsnemnd: Helge Hitland, Knut Brakestad

Harald Haugsvær, Tor Storerud, Gunlaug Bøyum

Forretningsfører: Thor Storerud, Indre Arna

Bladpengar kr. 12,- for året. Postgiro 31 04 44

Dagens Trykkeri, Bergen

Julen er kommet med solhverv for hjertene bange,  
Jul med Guds barnet i svøp under englenes sange.  
Kommer fra Gud, Bringer oss glederikt bud,  
Æren er Guds i det høye.

Synger og leker og klapper i eders små hender,  
Menneskebarnene alle til jorderriks ender!  
Født er i dag Barnet til Guds velbehag, Æren er  
Guds i det høye!



Det stunder mot juletid  
Dagane fram mot høgtid glid.  
Snøen dett so vart og lett  
Eit teppe lagar so kvitt og lett.

Du manneætt som lever i dag  
Atter i saman me minnest i lag  
Barnet som kom med frelse og fred  
I høgtid me oss storleg gled

I Betlehem byen der underet hende  
Med englebod det ut vart sende  
Til gjetekarar som bodskapen fekk  
Til stad og stall, lekk i lekk.

I den gamle bok du visdom finn  
Som letta kan, tanke og sinn  
Om Barnet som kom til frelse og fred  
Syndaren sann i dette seg gled.

O.U.

## Gledesbod

— Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede—. Lk. 2,10

Midt i mørkaste tida av året kjem den store gledesfesten. Dei fleste menneske blir glade og fulle av forventning. Vi får minder skattetrekk og kan få betre råd til å gleda både oss sjøl og andre.

Menneska trår innerst inne etter å vera glade og å oppleve fred. Denne lengten ber vi i oss ikkje berre ved juletider. Men vi veit at mange menneske rundt om i verda lever under tilhøve som har lite med fred og glede å gjere. Det er vår plikt å ta dette opp til ettertanke og hjelpe der vi kan og så godt vi kan. Dette har med menneskelege og materielle tilhøve å gjera. Vi veit at i mange heimar rundt om er det denne materielle gleda menneska er opptekne av, og det rekk ofte ikkje lenger enn til den korte tida rundt jul for mange heller. Kva anna glede og fred finst det då?

Det er den gleda som mellom anna gjer at eit menneske som er i djup sorg over tapet av ein av sine kjære, likevel kan ha ein indre fred og glede over at den kjære er gått bort i trua på at Jesus Kristus tar bort all synd. Det er ein fred «som overgår all forstand». Jula er difor for den kristne ei høgtid med meining — nemleg at vi skal få minnst at Gud ved å sende sin einborne son til jorda gav oss høve til å bli forlikte med seg. For den som ikkje trur dette, er juletida berre ei av mange høgtider som gjev høve til fridagar og fest.


Men Gud er langmodig og full av nåde. Difor er jula også ei kalling på alle menneske — også til deg som les desse linene — eit tilbod til alle om å ta i mot Han som tok all vår synd på seg. Vi skal alle få lov til å høyra den glade julebodskapen i kyrkje og heim også i år. Vi skal få gå rundt juletre-et å syngja dei same kjende julestrofene og-vita at dei gode kjenstlene vi då kjenner inne i oss, har med Gud å gjera. Vi skal få gleda oss saman i den frelsa som Gud tilbyr oss.

Så er det då vår bøn at denne jula kunne få «tenna oss» slik at vi fekk ta med oss denne freden og gleda med oss i kvardagen når jula er over. Difor: Vel møtt alle til enno ein gong å få høyra Gud sitt tilbod om forsoning og fred mellom seg og menneska.

— Og finner du Ham i krybbens hø som hyrde så, da eier du nok til freidig å dø og leve på —.

T. H. KLEPPESTØ

# Korleis feira dei jul i gamle dagar?



Hallo! Er det hos Olai Unneland? Det er kateketen som ringjer. Kan eg få koma inn hos deg i morgon for å få høyra litt om korleis de feira jul då du var barn? — Ja, kom du og ver velkomen, er svaret i andre enden av telefonen.

Og dagen etter er kyrkjelydsbladet på besøk hos Olai Unneland, kjend for kyrkjefolket i Arna for lang teneste som medhjelpar i kyrkja. Det er alltid ei høgtid å gå på besøk til dei eldre, og til Olai Unneland er det såvisst ikkje noko unntak i så måte. Han tar imot oss i den varme stova si, og snart er «drøsen» i full gang.

Kor gamal er du no? Han smiler litt for seg sjølv til eit slikt spørsmål, men så kjem det så lunt: Der som eg lever til 8. desember, fyller eg 90 år den dagen. Det er så vi mest ikkje vil tru det: at ein så vital kar snart rundar nitti! Rett nok er syn og høyrsele nokosvekka, men i tanken er han like klår som ein ungdom. Ja, han ber åra godt, han Olai! —

Det var om julefeiringa i gamle dagar vi ville høyra, og snart fører Olai oss tilbake til før hundreårsskiftet, til den gongen han sjølv berre var ein smågut. Han fortel: Eg budde i Bergen då eg var barn. Og sjølv sagt feira i jul den gongen som i dag. Men mange ting var nok annleis enn det er i dag. Det var til dømes ikkje noko julegate i byen, og heller ikkje noko juleutstillingar i butikkane. Dei aller største forretningane hadde kanskje så smått byrja med små utstillingar i samband med jul, men det var alt. Men julegåver hadde vi også då, sjølv om vi ikkje kunne kjøpa dei slik dei fleste gjer i dag. Julegåvene gjorde vi som oftast sjølv. Julafta samlast vi til julemidtdag, og julematen var pinnakjøt og risengrynsgraut. Høgdepunktet julafta var då juleevangeliet vart lese, og vi song julesongar. Jule-treet var alltid eit furutre, og det var det alltid eg som henta heim. Vi fekk det frå slektningar på Myking. Etter at eg lærde å lesa,

vart det mi oppgåva å lesa juleevangeliet.

Eg kan ikkje hugsa at det var noko gudsteneste i kyrkja julafta. Men første juledag var kyrkjedag. Då var vi alltid til høgmesse i Domkyrkja, og seinare i Johanneskyrkja.

I julehelga var det vanleg at slekt og vener kom saman til julegjestebod. For oss borna var julefesten i Misjonshuset noko av eit høgdepunkt. Det var sundagsskulen som stod for festen, og det gam-

le misjonshuset var alltid fullt den dagen.

Kva synest du er største skilnaden på julefeiringa i dag samanlikna med då du var barn? — Det er all maten og denne overflod av alle ting! sier han Olai, og her sluttar vi vårt vesle intervju med vår kjære Olai Unneland. Kanskje ønskjer vi oss tilbake til enklare tider noen kvar. Eller greier vi å feira retteleg jul midt oppe i vår tids julefeiring?

hh.


## Julehelsing frå Cameroun

Kjære vener i Arna

Ei signa jule-høgtid for dykk alle, og eit godt år ynskjer me dykk frå oss her i Afrika, under tropesola. Me er stasjonerte i Ngaoundere, på hovudstasjonen på feltet vårt her i Republique Unie du Cameroun. Byen er på ca. 25.000 menneske, ganske stor etter camerunesiske forhold. Rundt om er det høgsllette, savanne med gras-kledde åsar og kollar. Innimellom er det trær, men ikkje mange, helst enkeltstående. Landet er tynt befolka, med spreidde, små landsbyar, og sume stader berre enkelte hytter.

Misjonstasjonen ligg like utfor tettbebyggelsen i Ngaoundere by — samstundes sentralt og for seg sjølv. Det er ein stor stasjon, med mange aktiviteter. Her er folkeskule, college (realskule), studio for Evangeliets Røst, sjukehus, skule for dei norske borna. Her er to kyrkjer, ei stor «hovedkyrkje», og eit mindre kapell for sjukehuset og arbeidarane der.

Dagleg er det stor trafikk hit til stasjonen, folk kjem gåande enkeltvis og i flokkar, eller køyrande i drosje. Dei orange drosjebilane suser forbi i eitt på hovudvegen. Folk flest er på veg til sjukehuset, mellom to og tre hundre pasientar vitjar poliklinikken kvar dag. Saman med den sjuke kjem ein større eller mindre del av familien, derfor vert det folksamt. Drosjane gjer gode pengar på sjukehustransporten her som i Norge, turretur kostar 100 francs personen, det vert kr. 2,60 i norske pengar. Pengar finst mellom folk, dei er ikkje fatige jamt over, endå slike finst også. Folk lever slik som mange bønder i Norge før i tida: då dei døydde, viste det seg at dei hadde samla mykje på kistebotn. Lev måten er også mykje lik vår før i tida, dei et graut til alle mål, han er tillaga av maniok, ei stor rotfrukt, av mais, eller av ein slags hirsekorn. Kosthaldet er einsidig, og mange mangelsjukdomar gjer livet surt for folk.



Verst av alle mangelsjukdomane er eggekvote-underernæring, for den går ut over småborna, og fører ofte til døden, anten sjukdomen sjølv, eller komplikasjonane som oppstår: meslingar og diarre. Heldigvis, me har kunna redda mange på sjukehuset, med mjølk! Har dei ikkje tilgang på mjølk sjølve då, kan ein spørja, Jau, mjølk er det her i distriktet, Ngaoundere er kjøtdistriktet for heile Cameroun. Men, kva hjelper det når kalvane får mjølka, eller ho vert seld?

Våre egne born har heldigvis fått vera friske, dei to gjentene koser seg dagen lang, og har det vel så godt her som mange born i Norge. Dei er ute og leiker dagen lang, utan at me treng passa på dei for bilar og anna farleg maskineri. Stor glede vart det også for dei fyrst i november, då dei fekk seg ein liten bror. Heile familien har det godt, me er ved god helse, og takkar Gud kvar dag for alle hans gode gåver, som han gjev oss så rikeleg av. Dei er ikkje sjølvsgde her ute, heime

i Norge vert dei så sjølvsgde at takken tagnar. Misjonærflokken har i det heile vore spard for sjukdom, det einaste er nokre leie febertilfelle sør på feltet.

Arbeidsinnsatsen har kunna vera god, og Gud har lagt si signing til slik at det stadig er nye som melder seg til dåpsundervisning. Også på hospitalet er det slike, mellom pasientane og deira pårørende var det ei stund heile 15 stykker. Mange av desse er reiste heim nå. Slett ikkje alltid kan dåpsundervisninga halda fram heime i landsbyen. Be derfor desse, at dei kan ha lært så mykje at dei kan forstå å taka i mot Frelsaren. Leseevna skortar det mykje på, derfor er det lett å koma bort frå trua igjen, når ho ikkje dagleg vert fornya ved Bibel-lesnad. Slik er det for oss alle, både kvite og svarte! Ver helsa alle, frå dykkar utsendingar.

*Ingjerd og Oddvard Mestad*

#### Nye sokneråd

Søndag 18. november vart det halde val på nye sokneråd. Frammøte til valet var ikkje så godt som det kunne ha vore. Surt ver og glatt føre får vel ta noko av skulda for det.

Dei nye sokneråda trer i funksjon frå 1. januar 1974 og sit for ein fireårsbolck. Vi ynskjer dei nye soknerådsmedlemene lukka og signing i arbeidet som ligg framfor, og vi vonar at dei må få løyse oppgåvene sine til gagn og glede for kyrkjelydane. Samstundes nyttar vi høvet til å takka dei avgående soknerådslemer

*Forts. side 7*

## Hvite bånd søstrene i Indre Arna feirer 10-årsjubileum

Fredag 5. oktober hadde Hvite Bånd søstrene i Indre Arna satt hverandre i stevne hos fru Selma Lunde. Ikke noe mindre enn lagets 10-årsjubileum skulle feires! Og et festsamvær var det fra begynnelse til slutt, ledet av lagets formann fru Asbjørg Bildøy.

Gjennom bibellesning og tale viste frk. Ragnhild Rein oss igjen hvor vår Gud og Far i himmelen er stor og nådig mot oss. I forhold til de forkomne kvinnene på f.eks. Risby kurheim, kunne vi kanskje fristes til å tro vi er noe. Men i lys av Guds ord ser vi hvor vi kun er støv uten Guds nåde mot oss.

Lærer Sørensen fra Lone skole gledet oss med mange nydelige sanger i kveldens løp.

Lagets første formann fru Anna Solberg fortalte litt om den spede begynnelse for 10 år siden. Før den tid stod hun og noen andre søstre fra Indre Arna tilsluttet Ytre Arna Hvite Bånd. Men på et kretsmøte på Dale hadde formannen der oppe lagt dette med å starte lag i Indre Arna så sterkt på henne at det ikke var mulig for henne å komme utenom.

Nå, 10 år etter, får vi lov til å tro at Gud ville det slik. En liten teig av Guds åker skulle vi her få ansvar for.

Av kretsformannen Gustava Bruvik fra Ytre Arna fikk vi en interessant orientering om arbeidet på kurstedene Risby og Graner. De ligger på Dokka og har tilsammen 40 pasienter. Vi fikk også nytt fra ettervernshjemmet i Oslo som også

hører til Hvite Båndets arbeidsfelt.

Til slutt overrakte søster Gustava en fin gave fra Hvite Bånd-søstrene i Ytre Arna med oppfordring til fortsatt å be og arbeide for den viktige tjenesten Hvite Bånd står for både i vårt land og verden forøvrig.

Ved et jubileum stopper en gjerne opp og gjør opp status over tiden som er gått. En sangstrofe ble lik som stående å lyse over det som som har passert og tiden som kommer:

*Kast ditt brød på mange vanne,  
Gjør det lille du formår.  
Til å hjelpe, berge andre  
Herrens glade smil du får.*

Åse Taule

---

*Forts. fra side 6*

for teneste og innsats i perioden som gjekk.

Valet fekk dette utfallet:

**Arna sokn:**

Oddmund Bildøy, Magne Mæstad, Ingmar Ljones, Sverre Haugsvær, Brynhild Skjelbreid, Sigurd Øijord, Helge Johnsen og Erna Halvorsen.

Varamenn: Margot Skjoldal, Haldor A. Romslo, Gunvor Eide, Ruth Dyrøy og Åsta Eide.

**Ytre Arna sokn:**

Per Sæle, Eli Mohn, Sigvald Storheim, Anker Rønhovde, Tormod Hanstveit, Knut Brakestad, Aud Gaupås og Arvid Teigland.

Varamenn: Aud Else Eikerol, Brynjar Rismyhr, Arnfinn Landøy, Kristi Hjellum og Torstein Prestegård.

# Ungdomsside



## Julebodskap og julefeiring

### Intervju med 3 unge om jul og julefeiring

**Sigve Sæverud:**

— *Er julebodskapen kjedeleg og lite utfordrande?*

— Ser ein på julebodskapen berre som ein vakker forteljing om eit lite barn som vart fødd ein gong i ein stall, så har julebodskapen ingen annan appell til menneska enn at den skapar ei fin stemning på julaftan, dersom den då vert lesen opp.

Men så snart som ein ser på dette vesle barnet som Guds son, så får forteljinga ein heilt annan appell til oss. For då må ein setja denne forteljinga i samanheng med Guds frelsesplan for menneska, og då er det med ein gong noko som angår oss alle anten vi vil vedgå det eller ei.

— *Kva meiner du bør koma fram i ei julepreik?*

For det første så må det gjerast heilt klårt at Jesusbarnet er Guds son. Dette er grunnlaget for at julebodskapen og resten av Bibelen skal ha noko å seia for oss.

Det andre som eg synes bør koma klårt fram, er det som vi syng i ein julesong: «Oss er ein evig Frelsar fødd.»

— *Kva betyr julehøgtida for deg?*

— For meg er julehøgtida først og fremst ei tid då eg vert minna om Guds kjærleik til meg ved at Han sende sin son til jorda

for at eg skulle få tilgjeving for alle mine synder. Julehøgtida vert difor ei gledeshøgtid der eg får trang til å lova og takka Gud.

— *Korleis har du tenkt å feira jula i år?*

— I år har eg tenkt å feira jula som eg har gjort alle år: I fred og ro heime hjå foreldra mine.

**Ingrid Garnes:**

— *Du har vore med i aksjon Kristen Jul. Kva er dette for noko?*

— Aksjon Kristen Jul startar i adventstida og varer til rundt nyttår, og har til hensikt å fremja julebodskapen, få folk til å stoppa opp og høyra. Det kan vera ved å bringe bodskapen til folk, f.eks. ved vitjing på ulike institusjonar, eller å innby folk til kyrkja. Mange samankomstar som ungdomsgudstenester, nattverd, gospel-nights, samtalegrupper osv. blir haldne i Korskyrkja i denne tida. Og det fine med denne aksjonen er at alle som vil, gamle og unge, som meiner at dagens julefeiring ikkje er riktig, kan delta.

Ein annan viktig tanke med aksjonen er å tilby menneske som ikkje har ein stad å vere der dei kan få kjenne og oppleve jula, å tilby dei nettopp dette.

Det er uteggjarar og menneske utan heim.

— *Kva vil du seia om den julefeiringa vi har i dag?*

— At ho er gått i ei svært fårleg leid, i alt for stor grad prega av pengar, mas og kav. Dei fleste er opptatt med travle førebuingar, med slit og store innkjøp som fører til ein dårleg økonomi. Og sjølv bodskapen vert gløymd. Folk får korkje krefter eller tid til å samla seg om det viktigaste — julebodskapen.

— *Korleis har du tenkt å feire jula i år?*

— Sjølv julekvelden kjem eg til å feire i lag med familien, men utan om det har eg ikkje akkurat faste planar enno. Dersom det er råd, har eg tenkt å ta del i aksjon Kristen Jul. Det gav meirsmak.

— *Er julebodskapen kjedeleg og lite utfordrande?*

— Nei, ikkje no lenger. Men det er faktisk ikkje så lenge sidan eg tykte det. Då var det liksom noko som berre fylgde med for å gje den rette julestemninga. Først når eg stoppa opp, las og tenkte gjennom innhaldet, først då fekk eg augo opp for bodskapen, og kva betydning han har for oss.

— *Kva meiner du bør kome i ei julepreik?*

— Først og fremst: «I dag er fødd dykk ein Frelsar i Davids by, Han er Kristus Herren». Preika må først og fremst få fram dette at Jesus er vår Frelsar, og kva det er som ligg i det.

**Ingmar Ljones:**

— *Har julebodskapen om fred på jorda noko meining i dag?*

— Det spørsmålet høyrer vi ofte.

Eg kan forstå ulike innvendingar og synspunkt i den samanhengen, men ofte må eg seie meg heilt usamd i det som blir halde fram. Bodskapen om fred trengst verkeleg i dag. Det er nok av dei som ber bod om ufred.

Ikkje berre juleevangeliet nemner fred. I Joh. 14,27 seier Jesus: «Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk». Fred i hjarta, fred med Gud. Er ikkje det også den beste mentalhygiene? At menneske som ikkje har tatt mot Jesus kan kjenne seg urolege, forstår eg godt.

— *Men bodskapen om fred er ein ting, julefeiringa noko anna. Korleis ville det bli om vi sløyfa alle gåver og festing i jula og i staden gav meir til naudlidande, Vest-Afrika f.eks. der 5 av 7 born døyr av underernæring?*

— Ja, vi kunne sjølvsagt kutte ut alt ekstra i jula, både gåver, mat og festar. Men samstundes ville vel då også verdfulle ting som vi set i samband med jula bli borte: Minna frå heimen, opplevinga av julekvelden som noko spesielt og den særlege kjensla av høgtid.

Eg er sjølvsagt for å hjelpe dei som lid naud, men finn det ikkje rett av den grunn å skjære bort ei tradisjonsrik julefeiring, i alle fall ikkje slik eg kjenner henne frå ein kristen heim. Anten julefeiring eller så hjelp til dei som lid naud! Nei, det er kvit-svart maling. Skal vi først slå inn på den lina, må vi gå adskillig vidare. Kva med alt som vi kjøpar og brukar som strengt tatt er absolutt nødvendig?

# Barneside



## ADVENTSONG

Kaldt og mørkt og li-te sol, så-leis er det fram mot jol. Snø og  
is all jorda gøy-mer. All-ting ligg i lengt og drøy-men

Barnet spør kor langt det lid  
enno fram til joletid.  
Mor så mangt har med å fara,  
likevel ho støtt må svara.

Når så klokketonar skjelv  
under høge himmelkvelv,  
melder malmsterk tonehåre  
største høgtidskveld i året.

Fattigt barn til verda kom,  
barnet vende verda om.  
Under stort, ja, utan like,  
det er Jesus og hans rike.

— Er julebodskapen lite utfordrande?

— Det er mange menneske som samlast om Guds ord i jula. Det er gledeleg. Det gjev høve til å nå mange. Mi bøn er at alle som skal forkynne Ordet må vere villige til å la Guds klåre budskap kome fram, anten det er til tukt eller trøyst. Får juleevangeliet skine klårt som det gjorde det første gongen, så er budskapen korkje kjedeleg eller inkjeseiande, men i høgste grad både meiningsfylt og utfordrande.

Han som kom seg sjølv oss gav,  
fekk ei krubbe og ei grav.  
No bør me med gledetåre  
gje han rom i hjarto våre.

## Julen er Jesus

*Julen er ikke snøen  
som ligger der ren og hvit  
i Norges snørike daler  
og lokker oss alle dit.*

*Julen er ikke gaven  
vi får ifra far og mor  
og ikke maten som står  
på det festlige julebord.*

*Julen er ikke treet  
vi pynter hver julekveld  
med flagg og glitter og stjerner.  
Nei, julen er Jesus selv.*

*Oh Jesus er midt iblant oss  
med hele sin rike fred.  
Hva ønsker vårt hjerte mere  
enn det å ha Jesus med.*

*Se, det er den største glede  
for alle i dag som tror,  
og den kan ingen ta fra oss  
på hele den vide jord.*

# Familieside



## ARNA SOKN:

### Døypte:

- 03.10 Tore, foreldre: Henrik Hansen—Eva, f. Thorkildsen (Domkirken)  
13.10. Trond Romslo, foreldre: Odd Håkon Bjånes—Jorund, f. Romslo  
13.10. Frank Olaf, foreldre: Johnny Adolfsen—Björg, f. Pedersen (Slettebakken)  
13.10. Merete, foreldre: Bjørn Øystein Nævdal—Ellinor, f. Amundsen  
13.10. Margun, foreldre: Erling Marøy—Marit Marie, f. Rolland  
07.10. Monica, foreldre: Jan Birger Knaben—Grete Sylvi, f. Thunes-tvedt (Mandal)  
14.10. Anita, foreldre: Tor Schjønningesen—Jane, f. Gatland (Storetveit)  
14.10. Tove, foreldre: Jostein Melstvedt—Annlaug Alida, f. Eide (Birkeland)  
20.10. Svein Erik, foreldre: Tor Egil Nilsen—Wenche Solfrid, f. Bjelde  
20.10. Grethe, foreldre: Jan Veland—Turid, f. Sæle  
20.10. Lillian, foreldre: Reidar Bjelde—Marit, f. Borge  
21.10. Tone, foreldre: Karsten Agnar Heggøy—Astrid Marie, f. Nakken  
21.10. Geir Jenø, foreldre: Leif Jenø Torma—Jorunn Marie, f. Feten  
21.10. Arild, foreldre: Hallvard Hauge—Margareth, f. Kårtveit  
27.10. Thorbjørn, foreldre: Alf Gustav Norland—Liv Karin, f. Johnsen  
28.10. Mariann, foreldre: Rune Arnesen—Wenche, f. Unneland  
04.11. Yngve, foreldre: Jon Arild Maynard Nygård—Torhild, f. Åstveit  
04.11. Terje Morten, foreldre: Styrk Utne—Björg, f. Hekland  
04.11. Bjarte, foreldre: Knut Mæstad—Solveig Jorun, f. Takle  
04.11. Trond, foreldre: Arne Sørhus—Birgit Terese, f. Bakke  
10.11. Rita Mostrøm, foreldre: Ove Steinar Larsen—Elly, f. Mostrøm  
10.11. Frode, foreldre: Svein Willy Endresen—Lillian Kristin, f. Fjeldal  
11.11. Vigdis, foreldre: Kåre Johan Reigstad—Signy, f. Gaupholm  
18.11. Kristin, foreldre: Tore Flatabø—Elin, f. Aarra  
24.11. Tuva, foreldre: Norulf Sjøseth—Sigrun Marit, f. Kjelsbøl  
24.11. Merete, foreldre: Kjell Aasheim—Vigdis, f. Sjursen  
24.11. Anita Therese, foreldre: Helge Dag Andersen—Grete Bente, f. Mjeldheim

# Familieside



## YTRE ARNA SOKN

### Døpte:

- 6/10 Frode, for.: Kåre Magnus Hevrøy—Gudrun, f. Vidvei (Landås)  
20/10 Ronny, for.: Arvid Christensen—Aud, f. Loftås (Arna)  
20/10 Camilla, for.: Johnny Isaksen—Sissel, f. Olsen (Arna)  
20/10 Trude, for.: Kjell Hansen—Kari Johanna, f. Kleppe (Arna)  
27/10 Trude Venset, for.: Harry Jarle Sleire—Ingunn, f. Venset (Arna)  
27/10 Cecilie, for.: Kjell Harald Sælen—Bente, f. Espedal (Arna)  
27/10 Aina Bakken, for.: Odd Kåre Larsen—Laila, f. Bakken (Arna)  
11/11 Siren Kathrin, for.: Otto Johan Gjerde—Kjersti, f. Hansen (Arna)  
18/11 Rolf Erling, for.: Erling Bjarne Rose Walderhaug—Ellinor,  
f. Mikkelsen  
24/11 Erlend, for.: Knut Steinsland—Lois, f. Yndestad (Arna)

### Vigde:

- 20/10 Kåre Kalsaas og Inger Margrethe Jenssen (Stavanger domk.)  
27/10 Jarle Larsen og Grethe Sjursen (Johanneskirken)  
17/11 Bengt Harald Hansen og Oddrun Hundhammer  
17/11 Svein Petter Tefre og Rita Solsvik

### Avlidne:

- 24/10 Monrad Heldal, f. 1905  
2/11 Andreas Iversen, f. 1895  
21/11 Øivind Gjerde, f. 1972  
27/11 Asbjørn Hardtveit, f. 1900

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR OTTO HAUKELAND**



Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## « F O K U S »

**Fesneland**

Alt i dagligvarer  
Tlf. 240417

Inneh. B. Børdal

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
**EL-KJØP**



Vår mann i Arna

## KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,  
og står til tjeneste med råd og veiledning.

### Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

20/10 Kåre Kalsaas og Inger Margrethe Jenssen (Stavanger do.

27/10 Jarle Larsen og Grethe Sjursen (Johanneskirken)

17/11 Bengt Harald Hansen og Oddrun Hundhammer

17/11 Svein Petter Tefre og Rita Solsvik

*Avlidne:*

24/10 Monrad Heldal, f. 1905

2/11 Andreas Iversen, f. 1895

21/11 Øivind Gjerde, f. 1972

27/11 Asbjørn Hardtveit, f. 1900

### La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR OTTO HAUKELAND**

FORSIKRINGS-AKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSELSKAPET  
**VESTA HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## ARNATVEIT HANDEL

Alt i dagligvarer

Tlf. 240417

Inneh. B. Børdal

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VARESALG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**



# Velkommen til kyrkje ✠

- 9/12 Arna: Fung. res. kap. Hitland.  
Kl. 19.00 lysmesse ved kallskap. Henning Langeland. Offer til Ungdomsforbundet.  
Ytre Arna: Kl. 19.00 julekonsert. Arr. Haugland songlag.  
Andakt ved fung. sokneprest Fykse.
- 16/12 Arna: Fung. sokneprest Fykse.  
Kl. 16.00 julekonsert. Andakt ved Fykse. Kollekt.  
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland.

## **Julaftan:**

- 24/12 Arna: Kl. 15.00 barnegudsteneste ved fung. sokneprest Fykse.  
Kl. 16.00 barnegudsteneste ved fung. sokneprest Fykse.  
Arna aldersheim: Andakt ved sokneprest Tesdal.  
Ytre Arna: Kl. 16.00 barnegudsteneste ved fung. res. kap. Hitland.

## **1. juledag:**

- 25/12 Arna: Høgtidsgudsteneste ved sokneprest Tesdal.  
Ytre Arna: Høgtidsgudsteneste ved fung. sokneprest Tesdal.  
Tren gereid: Høgtidsgudsteneste ved fung. res. kap. Hitland.
- 30/12 Arna: Fung. res. kap. Hitland.
- 1/ 1 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd.  
Ytre Arna: Fung. sokneprest Fykse. Nattverd.
- 13/ 1 Arna: Fung. sokneprest Fykse.

## **Julefest for eldre**

Arna Helselag innbyr dei eldre til julefest på Garnes folkeskule  
torsdag 27. desember kl. 16.00.

Dei som treng bilskyss, kan vende seg til fru Kvinge, tlf. 240734,  
og fru Kåstad, tlf. 240644.

HJARTELEG VELKOMEN